

Innspel frå NCE Maritime CleanTech til Maritim stortingsmelding

NCE Maritime CleanTech (MCT) er eit innovativt næringsmiljø som omfattar 110 verksemder frå heile den maritime verdikjeda, kompetansmiljø innan fornybar energi, samt forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar. Våre partnerar samarbeider om å utvikla ulike løysingar som kan gjera maritime operasjonar låg- og utsleppsfrie. Fleire av våre klyngedeltakarane er internasjonalt leiande innan sine teknologi og kompetanseområde, og har vore pionerar i å utvikla og ta i bruk nye energiberarar på ulike typar fartøy. På bakgrunn av vårt arbeid innan utvikling og kommersialisering av grønne løysingar til havnæringane vil MCT med dette gi våre innspel til satsingsområde som blir viktig for å sikre berekraftig verdiskaping for næringane i åra som kjem.

Behov for auka satsing på internasjonalisering

Skal Noreg vera ein leiande havnasjon, må industrien lukkast også internasjonalt. Grøn skipsfart er utpeikt av regjeringa som eit satsingsområde for norsk industri, og er eit av områda der me er godt posisjonert for å ein internasjonal leiarposisjon. Norske verksemder er i dag i tet innan utvikling av miljøteknologi til skip, noko som er eit resultat av ein norsk maritim politikk som dei siste åra har lagt til rette for ein god heimemarknad for grøn teknologi innan blant anna ferjer og hurtigbåtar. Mange av løysingane som vert utvikla i ein krevjande norske heimemarknad har stort internasjonalt potensiale, og kan bidra til å løysa viktige globale utfordringar.

I dag opplever industrien at mangel på internasjonale krav og reguleringar fører til at mange skipsreiarar avventar investering i ny teknologi. Strengare internasjonale krav og skattelegging av utslepp vil bidra til både å auka etterspurnaden og akselerere teknologiutviklinga, også for større og meir energikrevjande skip. Noreg sin sterke maritime posisjon har gitt oss innflytelse i maritime spørsmål i internasjonale fora som FNs internasjonale maritime organisasjon IMO, EU og FNs arbeidstakarorganisasjon ILO. Denne posisjonen må brukast aktivt i åra som kjem for å setja fart på den grønne omstillinga også utanfor Noreg og auke etterspurnaden etter grøn teknologi.

Forslag til tiltak i maritim stortingsmelding:

- Noreg må vera ein pådrivar for at IMO raskare kan godkjenne hydrogen og ammoniakk som energiberarar i internasjonal skipsfart
- Noreg må vera pådrivar for strengare internasjonale krav og global skattelegging av CO2 til eit nivå som stimulerer til val av grønare løysingar.

Styrking av eksportsatsinga

Vidare meiner MCT at den maritime politikken må styrka satsinga si på eksport og tiltak som bidrar til at norske verksemder i større grad lukkast med skalering og internasjonalisering.

Noreg har tapt marknadsandelar globalt sidan 1998. Berre nokre få land har svakare utvikling med omsyn til marknadsandelar enn det Noreg har hatt sidan 1998. I dag kjem berre 8 milliardar kroner (30 prosent) av den grønne omsetnaden vår frå eksport. Det er betydeleg lågare enn eksportandelen for den samla maritime næringa, som dei siste ti åra har lege på 50 prosent¹. Dette kan sjølvstakt forklarast med at Noreg er i ein særposisjon når det gjeld å stilla krav til eigen skipsfart. Men det er likevel ei viktig påminning om at me må auka innsatsen for å eksportera meir grøn teknologi framover.

¹ Menon-publikasjon 66/2019 Grønn maritim, status for omsetning, eksport, sysselsetting og investeringar

Me ser at våre naboland er betre enn oss på ambisiøse og eksplisitte strategiar for internasjonalisering av sitt næringsliv, noko som på sikt kan medføre at desse landa får eit konkurransefortrinn på bekostning av Noreg. I særleg grad gjeld dette klimavenleg næringsliv. Eit eksempel er den britiske strategien for havvind. Strategien viser ein ambisjon om å femdobra eksporten, kor kompetansebasen for den internasjonale ekspansjonen skal utviklast gjennom betydelege innanlandske investeringar. Eit anna eksempel er den danske strategien for rein energi med ein ambisjon om å auke eksporten innan leverandørkjeda frå 70 milliardar DKK i 2015 til 140 milliardar i 2030 - altså ei dobling. Vidare slår strategien fast at det er ei politisk kjerneoppgåve å styrka eksporten.

Det er også dei seinaste åra gjennomført fleire analysar² som peikar i retning av at udekka finansieringsbehov utgjør eit hinder for auka norsk eksport, og at samanliknbare land tilbyr eit breiare statleg finansieringstilbod til sine eksportbedrifter. Dagens verkemidlar for klimaomstilling er innretta mot FoU, demonstrasjon og pilotering gjennom blant anna Forskningsrådet, Enova og Miljøteknologiordningen i Innovasjon Norge. MCT meiner at verkemidla for kommersialisering og eksport av teknologi, produkt og løysingar retta mot klimaomstillinga, inkludert lån og garantiar, må styrkast og få ein meir treffsikker innretning. Ei slik styrking vil matche andre land som f.eks. Sverige og Danmark, som introduserer nye verkemidlar for klimaomstilling som eit konkurransefortrinn.

Forslag til fokusområde og tiltak i maritim stortingsmelding er:

- Stortingsmeldinga bør innehalde konkrete og talfesta mål for kva marknadsposisjon Noreg skal ta innan eksport av grønne løysingar
- Det må i samarbeid med næringa identifiserast og løftast offentlege prosjekt der ein ser at grøn maritim teknologi gir eit eksportpotensial. Dette vil gi dei store internasjonale teknologiselskapa viktige drivarar for å setja i gang utvikling av teknologi og å investere i Noreg.
- Det må innførast større fleksibilitet i ordningane til GIEK og Eksportkreditt, og opnast opp for å gi betre vilkår til prosjekt som har ein grøn profil
- Det offentlege rådgivingstilbodet for små og mellomstore bedrifter som har behov for internasjonal kompetanse må styrkast. Maritim industri treng eit sterkt eksportapparat for maritim teknologi og produkt som kan hjelpa norske bedrifter ut i verda. Her er lokale representantar, med forståing av norske bedrifter sitt utgangspunkt, som kan støtta bedriftene når desse skal overvinne språkbarrierar og etablera kontakt med lokalt byråkrati, sentrale institusjonar og moglege etterspørjarar svært viktig. Eit forslag til tiltak er å styrke Innovasjon Norge sine ute-kontor med maritim kompetanse.
- Me vil foreslå at klyngene i sterkare grad får ei uttalt rolle med å bistå norske maritime verksemdar i deira internasjonaliseringsstrategi. Klyngene sit med inngåande kjennskap til marknadsmoglegheiter, barrierar og kvar enkelt bedrift sine produkt og løysingar. Deira rolle som fasilitator mellom internasjonale marknader og norske bedrifter må utnyttast i større grad enn det blir gjort i dag. Det er viktig at klyngene si rolle vert anerkjend, brukt og finansiert.
- Det må sikrast eit sterkt verkemiddelapparat som kan yte finansiering i dei ulike delane av eksportverdikjedene, kor det bør leggjast betydeleg verkt på kva tilbod samanliknbare land tilbyr sine eksportnæringar. NFD bør vurdere å samle arbeidet med finansiering og garantiar til bedriftene, samt tenester som rådgiving og profilering, hos ein ny eksportfinansierings-

² Sjå blant anna «Finansieringsbehovet for norske eksportbedrifter», av Menon Economics, 2015

aktør. Ein slik aktør bør få ei større portefølje av verkemidlar enn det Eksportkreditt og GIEK rår over i dag.

- Det må arbeidast kontinuerleg for å sikra at havbasert forskning og innovasjon har ein stor plass i EUs forskings- og innovasjonsprogram.

Bygg vidare på det me er gode på

Det er nokre område der Noreg historisk sett, og også i dag, har ei leiande rolle i maritim industri. Først og fremst er dette innan maritim ekspertise, innovasjon, juridisk kompetanse, forsikring og finansiering og sterke klynger. Dette er område som den maritime politikken må sikra at vert bygd vidare på, gjennom blant anna:

- **Krav i offentlege innkjøp**

Offentlege innkjøp har ein svært viktig funksjon i å få fram ny miljøteknologi og bidra til kommersialiseringa av denne. For å sikra at teknologi utvikla i Noreg har eit størst mogleg eksportpotensiale, må ein også få opp null- og lågutsleppspilotar for større og meir energikrevjande skipstypar til dømes i selskap der staten har eigarskap.

- **Utbygging av infrastruktur for fornybar energi**

For å få fart på overgangen til meir miljøvenleg skipsfart, og for å redusera risikoen for reiarlaga, er det viktig å raskt få på plass infrastruktur for fornybar energi. Eit viktig fokusområde i maritim stortingsmelding må difor vera å leggja til rette for ein ny og heilskapleg infrastruktur for grøne energiberaarar (landstraum, ladestraum, hydrogen og elektro-drivstoff/syntetiske drivstoff) langs kysten.

- **Flytting av gods frå veg til sjø**

Regjeringa må gjennom sine strategiar intensivera innsatsen for å flytta meir gods frå veg til sjø. Dette vil gi stor verdiskaping for den norske maritime klynga og bidra til reduksjonar i klimautslepp.

- **Eit sterkt verkemiddelapparat**

Teknologiutvikling inneber ofte store kostnader og høg risiko. Bedriftene er avhengige av risikoavlastning gjennom ordningar som dekker alle fasar frå forskning og utvikling til kommersialisering. Ikkje minst på grunn av tidsmomentet i klimautfordringa er behovet for å støtte pilot-, demonstrasjons- og kommersialiseringsfasane spesielt stort.

Eit av verkemidla næringslivet etterlyser er ein miljøavtale med eit tilhøyrande CO2-fond, etter modell av det svært vellukka NOx-fondet. Bakgrunnen er behovet for nye verkemidlar i næringstransporten for å innfri regjeringas mål om ei halvering av transportutsleppa innan 2030.

Enova er eit sentralt verkemiddel i omstillinga. Når Enova-avtalen no skal fornyast må det fokuserast endå meir på klima og reelle utsleppsreduksjonar mot null i 2050.

- **Satsing på klyngene som viktige innovasjons- og endringsdriverar**

Klyngene er eit viktig verktøy i Regjeringa sin strategi for å styrka samarbeidet på tvers av næringar og fagmiljø, samt bidra til å akselerere innovasjonstakten og kommersialiseringa av låg- og nullutsleppsløysingar. Forsking viser også at bedrifter som samhandlar i klynger er meir innovative og har både høgare verdiskaping og produktivitet – det vil seia verdiskaping per tilsett – samanlikna med andre, tilsvarande bedrifter. Det er difor viktig at regjeringa legg til rette for slike innovasjonssamarbeid også i framtida, og at det vert satsa på modne velfungerande klynger.

Sikre Forsking og Hav i EUs rammeprogram

MCT deltar saman med fleire av våre klyngepartnarar i tre EU-finansierte innovasjonsprosjekt. For våre medlemmer er slike forskings- og innovasjonssamarbeid svært viktige, både når det gjeld tilgang på forskning og som døropnar for ny næringsutvikling og nye marknader nasjonalt og internasjonalt.

Eit kontinuerleg arbeid for å sikra at havbasert forskning og innovasjon har ein stor plass i EUs forskings- og innovasjonsprogram vil vera viktig for å styrka Noreg og norsk industri si rolle som internasjonalt leiande innanfor teknologi til havnæringane. Spesielt viktig framover er det å sikra at det kjem utlysingar for kommersialisering av løysingar med nye nullutsleppsdrivstoff.

Satsing på utdanning og kompetanseheving

For at Noreg også i framtida skal kunne kalla seg ein leiande maritim nasjon er det viktig å satsa på og styrka utviklinga av norsk maritim utdanning. Norske sjøfolk går oftast i land i Noreg etter lengre eller kortare tid på sjøen, og har med seg en viktig erfaringskompetanse for bruk i innovasjon både i rederikontora, men også i anna verksemd.

MCT meiner at regjeringa bør ha ein strategi for heilskapleg maritim utdanning frå vidaregåande nivå til høgskule og universitetsnivå. For sjøfartsnasjonen Noreg bør dette inkludere tilbod som gir moglegheit til utdanning om bord i båt i reelle omgivelser. Innan maritim opplæring på vidaregåande nivå har skuleskip i lang tid vore eitt attraktiv tilbod, og elvar som gjennomgår ei slik utdanning er etterspurde læringar. MCT og våre partnarar ser difor med stor bekymring på at det no berre er eitt slikt alternativ att i Noreg.

Som representant for ei klynge med bedrifter som har store eksportmoglegheiter frå små stader langs kysten, er MCT opptatt av at det er tett kontakt og geografisk nærleik mellom akademia og industrien. Eit sterk utdanningstilbod langs heile kysten er viktig for å sikra eit godt samspel mellom utforming av utdanningar og behova til industrien og det regionale arbeidslivet. Høgskulen på Vestlandet (HVL) er eit eksempel på ein utdanningsinstitusjon som med studiestader på heile Vestlandet er til stades med utdanning inn mot nærings- og arbeidsliv i ei stor geografisk utbreiing. Med sine fem studiestadar gir HVL arbeidslivet nærleik til ein studiestad der læring kan skje i et livslangt perspektiv. Nær kopling mellom forskning og den erfaringsbaserte kompetansen er også viktig i utviklinga av opplæringa av morgondagens sjøfolk.

Det norske finansieringssystemet må i større grad ta inn over seg at næringslivet har behov for utdanning og læring heile livet, i eit samspel med akademia. Ein barriere som våre partnarar opplever er at finansieringa av studieplassar i dag ikkje er fleksibel nok til at vidareutdanning er like attraktivt for akademia som nye kandidatar. Meir fleksible studieplassar er ein god inngang for at næringslivet skal sikrast gode vidareutdanningar og sikra jamn kompetanseheving. Eit eksempel er «Stord-modellen», tilpassa fagarbeidarar som vidareutdannar seg til ingeniørar medan dei er i jobb. Fleire slike næringstilpassa utdanningar bør utviklast for å møta og dekkja tidsspesifikke behov i næringa.

Ei anna viktig satsing vil vera stipendiatstillingar, særleg på utdanningsinstitusjonar som har ein arbeidslivsretta profil, innan utvikling av ny kunnskap knytt til havnæringane.

Oppsummering

Noreg kan bli eit laboratorium for grøn skipsfart som ikkje berre bidreg til redusert forbruk av fossil drivstoff i Noreg, men som også kan gjere Noreg til ein stor eksportør av effektive klimaløysingar i maritim sektor. For å kunne utnytta denne moglegheita treng me ein ambisiøs og konkret maritim politikk med tydelege målsetjingar og verkemidlar som både byggjer vidare på det me er gode på i dag, og som legg til rette for ny teknologiutvikling og auka eksport av norske produkt og løysingar.

Det er vidare viktig at Noreg bruker sin innflytelse i maritime spørsmål i internasjonale fora for å setja fart på den grønne omstillinga også utanfor Noreg.

Med helsing

Hege Økland
Administrerende direktør
NCE Maritime CleanTech

Bjørn Sundland
Leiar av Politisk ressursgruppe
NCE Maritime CleanTech